

ÅRSMELDING

SUNNFJORD IDRETTSRÅD

2022

STYRET:

- Jan Herstad, leiar (Tambarskjelvar IL)
- Tor Starheim, nestleiar (Førde IL)
- Bjørn Anders Steinsund, styremedlem (Jølster IL)
- Sigve Mandelid, styremedlem (Førde IL)
- Siss-May Edvardsen, styremedlem (Tambarskjelvar IL)
- Ole Morten Vassdal, styremedlem (Gaular IL)
- Berit Tefre, ny styremedlem (Førde IL)

- Agnar Bøyum, varamedlem (Jølster IL)
- Arthur Norevik, varamedlem (Førde IL)

UTVAL / KOMITEAR:

VALNEMND:

- Magne Faleide, leiar (Førde IL)
- Helge Robert Midtbø, medlem, (Førde Volleyballklubb)
- manglar medlem, (Jølster IL)
- John Søggen, medlem, (Gaular IL)
- Jan Magne Åsnes, medlem, (Tambarskjelvar IL)
- Kirstin Bruland, varamedlem, (Friskis & Svettis)

KONTAKTGRUPPER:

Hafstadparken, samarbeidsnemnda:

- Tor Starheim

17.mai-komiteen:

- Sissel Viddal Laache
- Vara: Odd Hagen

SAMARBEID:

Sunnfjord idrettsrådet har samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune som ligg til grunn for arbeidet.

Kommunen har oppretta link på heimesida med informasjon om idrettsrådet. Slik at idrettsrådet blir meir synlege for medlemmar og innbyggjarar generelt.

<https://www.sunnfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-friluftsliv/fagrad-for-idrett-og-kultur/>

MØTER / TILSTELLINGAR / SAKER:

Sunnfjord idrettsråd vart skipa 28.oktober 2019. Førde idrettsråd vart avvikla på årsmøtet for 2019, og midlane frå Førde idrettsråd vart overført til Sunnfjord idrettsråd.

Årsmøte for 2021 var i FIL-huset 26. april 2022. I 2022 har vore halde 3 styremøter. Det har vore diverse møter med kommunen, idrettskretsen, fylkeskommunen og andre interessegrupper.

Kommunen deltek fast på styremøta. I 2022 har idretten arbeidd aktivt med planane om å få etablert nasjonal anlegg for vektløfting i Førde Arena.

Det er sendt uttale til fylkeskommunen om Regionalplan for kultur, idrett og frivilligheit. 9. desember orienterte leiar Utval for samfunn, kultur og næring om arbeidet i idrettsrådet.

I april var det offisiell opning av turnhallen i Dragehallen.

Siss-May Edvardsen hold innlegg på frivilligheitskonferanse i Førdehuset i september. Leiar deltok òg på anleggskonferanse på Gardermoen 14-16. oktober med synfaring i SNØ og Nes Arena.

På Idrettskretstinget 2. april i Førde møtte Tor Starheim, Siss-May Edvardsen og Jan Herstad.

Vestland idrettskrets skal vinteren 2023 opprette eit anleggsutval. Idrettsrådet har sendt inn forslag på Lars Idar Vegsund, Førde il. som medlem i utvalet

MEDLEMSTAL:

Medlemstala for Sunnfjord IR finn ein på lags- og aktivitetsoversikten utsendt frå idrettskretsen og i Sportsadmin til Norgesidrettsforbund.

<https://www.idrettsforbundet.no/digital/sportsadmin/>

MOTTEKNE MIDLAR:

Styret har i år motteke til fordeling kulturmidlar/driftsmidlar frå kommunen til idrettslaga med kr 540.000,-. Minstesats er kr 500, 1/3 etter medlemstall 6-12år og 2/3 etter medlemstall 13-19år.

Ordinære LAM-midlar med kr 2.008.087,-. Fordelinga er gjort etter medlemsregisteret som vi har mottatt frå idrettskretsen.

Totalt er det fordelt ut til idrettslaga kr 2.548.087,-

ANLEGG:

Strategisk viktige anlegg er Førde Arena, Fotballhall i Hafstadparken, Langeland Skiskyttarstadion og Symjeanlegget i Førdehuset. Idrettsrådet har meldt inn desse anlegga til Idrettskretsen si kartlegging av slike anlegg.

Hallkapasiteten i kommunen har komme seg mykje i løpet av 2022. Nye hallar på Skei, Vassenden og på Halbrend. Ny hall i Bygstad vil også komme til, truleg i 2023. I tillegg vart Dragehallen offisielt opna, no tillaga for turngruppa.

Kommunen planlegg bygging av ny symjehall i Førdehuset i 2024. Fram til endeleg plassering av brua står uteområdet ved Førdehuset på vent, og det er hemmande for vidare utvikling.

For 2022 er det inne søknader om spelemidlar for 29 ordinære anlegg, samla søknadssum kr 95.173.000,- og 28 nærmiljøanlegg til samla søknadssum kr 6.191.000,-.

OPPGÅVER FRAMOVER:

Styret meiner at ein må halde fram og utvikle den gode dialogen med kommunen. Førde Arena med nasjonalanlegg for vektløfting og VM i vektløfting 2025 blir dei store oppgåvene dei kommande åra.

VM 2025 i vektløfting blir det største idrettsarrangementet i Sunnfjord nokon gong. Det er viktig at både idrett, kommune og næringsliv støttar opp rundt prosjektet. Leiar i idrettsrådet sit i styret for VM 2025.

Idrettsrådet for Sunnfjord kommune ynskjer å vere involvert i utfordringane med drift av anlegga i den nye kommunen. Vi ynskjer å få oversikt over kva eigarskap dei ulike anlegga har, dagens driftskostnad og framtidige kostnader som er for dei ulike anlegg.

Utdanning av trenarar og leiarar er også noko vi vil oppmode våre medlemmar om å prioritere framover.

Sunnfjord idrettsråd ynskjer å få på plass ein kommunal sekretærfunksjon.

ØKONOMI:

Idrettsrådet er basert på dugnadsprinsippet, og har svært låge kostnader. Her viser vi til vedlagt rekneskap. Kommunen yter kvart år kr 15.000,- i tilskot. Med auka kostnader på reiser og opphald vil kostnadane med å møte på ordinære opplegg innan idretten auke dei kommande åra.

Naustdal, 24.04.2023.

Jan Herstad
-leiar-

Tor Starheim
-nestleiar-

Siss-May Edvardsen

Bjørn Anders Steinsund

Sigve Mandelid

Berit Tefre

Ole Morten Vassdal